



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Pb 8112 Dep
0032 OSLO

Kommunereforma – oppdatert vurdering og tilråding for kommunestrukturen i Sogn og Fjordane

Samandrag

Fylkesmannen leverte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 29.09.2016 ei fagleg [tilråding](#) for ein framtidig kommunestruktur i Sogn og Fjordane. Tilrådinga er bygt på:

- Lokale prosessar og vedtak
- Målsetjinga med kommunereforma
- Kriteria for god kommunestruktur
- Føringer frå regjeringa og Stortinget

Vi har tilrådd to samanslåingar frå 2020 der kommunane har gjort gjensidige vedtak:

- Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- Hornindal med Volda i Møre og Romsdal

I tillegg har vi tilrådd to andre samanslåingar frå 2020 der kommunane ikkje har gjort gjensidige vedtak:

- Sogndal, Leikanger og Balestrand
- Vågsøy og Selje

For dei andre kommunane i fylket er tilrådinga at kommunane held fram med drøftingar om samanslåingar, både på kort sikt med samanslåing frå 2020 eller eventuelt seinare i det som blir omtalt som andre fase i kommunereforma etter 2020.

Med grunnlag i lokale prosessar med vedtak etter 01.10.2016 i kommunereforma, kjem Fylkesmannen med følgjande oppdatering av tilrådinga:

- **Vi tilrår samanslåing av kommunane Selje og Eid frå 2020. Som alternativ held vi fast på tidlegare tilråding om samanslåing av Selje og Vågsøy.**
- **Vi held og fast på tilrådinga om samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand frå 2020.**

Prosess og vedtak i kommunane etter 01.10.2016

Vågsøy og Selje

Kommunane hadde eit felles formannskapsmøte 21.10.2016 der Fylkesmannen orienterte om bakgrunnen for tilrådinga om samanslåing av dei to kommunane. Formannskapa drøfta og kom med synspunkt på tilrådinga og vidare samtalar fram mot politisk handsaming i kommunane. Deretter vart det forhandlingar mellom kommunane for å kome fram til ein intensjonsavtale som grunnlag for

politisk handsaming. Men det vart tidleg brot i desse forhandlingane, m.a. var det usemje om lokalisering av kommunesenteret i den nye kommune.

Selje og Eid med Vågsøy

Selje kommune tok etter brotet med Vågsøy kontakt med kommunane Eid og Vanylven. Det vart vidare ført samtalar mellom Eid og Selje for ei mogleg samanslåing av desse kommunane. Med grunnlag i forhandlingane med Vågsøy og samtalan med Eid, handsama Selje kommunestyre i møte 15.12.2016 saka om kommunestruktur – ny vurdering, med følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret i Selje er positive til ein kommunesamanslåing mellom Selje og Eid.*
2. *Kommunestyret i Selje ynskjer å invitere Vågsøy med i vidare prosess med kommunesamanslåing.*
3. *Kommunestyret i Selje går inn for at kommunesenteret og strategisk leiing vert lagt til Eid og at dei involverte kommunane (Eid, Selje og evt Vågsøy og Vanylven) får delt dei andre kontor/tenestefunksjonane.*
4. *Kommunestyret i Selje ber forhandlingsutvalet i samråd med rådmennene jobbe fram ein intensjonsavtale med Eid og evt Vågsøy og Vanylven som definerer meir konkret kommunesenterfunksjonar og kva kontor/tenester som skal ligge i dei andre kommunane.*
5. *Intensjonsavtalen skal vidare omhandle særskilte fokusområde og satsingsområde innanfor samfunns og næringsutvikling med særleg fokus på kystpotensial, samferdsel og næring.*
6. *Kommunestyret gjev forhandlingsutvalet mandat til å føre på andre fokusområde. Kommunestyret i Selje ber om at ferdigforhandla intensjonsavtale vert lagt fram for politisk godkjenning innan 26. januar 2017.*

I saksutgreiinga går det fram at det har vore ein positiv dialog med Vanylven kommune, men ikkje konkret nok til å fremje som sak innanfor dei tidsfristane som ligg føre for arbeidet med kommunereforma. Vanylven gjev uttrykk for eit klart ønskje om å utvikle ein sterk kommune langs kysten, og føreset at kommunar på Søre Sunnmøre deltek.

Kommunestyret i **Eid** kommune handsama saka i møtet 15.12.2016, med følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret er positive til ein kommunesamanslåing mellom Selje og Eid.*
2. *Kommunestyret ynskjer å invitere Vågsøy med i vidare prosess med kommunesamanslåing.*
3. *Kommunestyret går inn for at kommunesenteret og strategisk leiing vert lagt til Eid og at dei involverte kommunane (Eid, Selje og evt Vågsøy, og/eller andre tilgrensande kommunar) får delt dei andre kontor/tenestefunksjonane.*
4. *Kommunestyret ber forhandlingsutvalet i samråd med rådmennene jobbe fram ein intensjonsavtale med Selje og evt Vågsøy som definerer meir konkret kommunesenterfunksjonar og kva kontor/tenester som skal ligge i dei andre kommunane. Intensjonsavtalen skal vidare omhandle særskilte fokusområde og satsingsområde innanfor samfunns og næringsutvikling med særleg fokus på kystpotensial, samferdsel og næring. Kommunestyret gjev forhandlingsutvalet mandat til å føre på andre fokusområde.*
5. *Kommunestyret ber om at ferdigforhandla intensjonsavtale vert lagt fram for politisk godkjenning innan 26. januar 2017.*

Ettersom både Selje og Eid har felles likelydande vedtak om å invitere Vågsøy med i vidare prosess om kommunesamanslåing, har **Vågsøy** kommunestyre vurdert dette og gjort følgjande vedtak i møtet 15.12.2016:

Vågsøy kommunestyre viser til at Vågsøy først tok initiativ til samanslåing. Først Eid så Selje har meldt seg av samtaler med Vågsøy. Om Vågsøy no skal gå i nye samtaler med nye kommuner må det skje utan forutbestemte føringar.

Som ein konsekvens og oppfølging av vedtaka til kommunane, vart det 3. – 4. januar gjennomført forhandlingsmøte mellom kommunane Eid og Selje der dei kom til semje om ein intensjonsavtale, som skal handsamast i eit felles formannskapsmøte 19. januar og i kommunestyra 26. januar. Det betyr at Fylkesmannen ikkje har dei endelege vedtaka til kommunane som eit grunnlag for tilrådinga til KMD.

Saksutgreiingar til kommunane – sentrale moment

Alle tre kommunane var positive til samanslåing i sakene og vedtaka som vart gjort i juni 2016, men det vart ikkje gjort felles gjensidige vedtak i dei ulike kommunane som Vågsøy, Selje og Eid ønskte samanslåing med.

I [saksutgreiinga](#) til rådmannen til kommunestyret i Eid i juni 2016 kjem det klart fram at kommunen ikkje klarer å oppfylle målsettingane i reforma ved å stå åleine.

I [saka og vedtaket](#) til Selje i juni 2016 er det av rådmannen omtalt at kommunen i dag leverer gode tenester. Men samstundes ser kommunen store utfordringar ved å stå åleine. Dette gjeld særleg ein sårbar økonomi til drift og utvikling av kommunen, små og sårbare fagmiljø, få søknader til leiarstillingar og stillingar der det blir kravd høgare utdanning, og at kommunen dei seinare åra ikkje har hatt ressursar til å vere ein tilstrekkeleg aktiv utviklar og tilretteleggar.

I [saka til Vågsøy](#) frå juni 2016 er kommunen positiv til å slå seg saman med andre kystkommunar. Kommunestyret er oppteke av å sikre ein sterk kystkommune, med stort potensiale for næringsutvikling. Det blir i saksutgreiinga til kommunen peika på at Vågsøy leverer gode tenester, men med små fagmiljø er kommunen sårbar ved uventa hendingar og har mindre ressursar til utvikling. Som for Selje har kommunen hatt få søkjarar til leiarstillingar dei seinare år, men også vanskar med å rekruttere arbeidstakarar til ulike yrkesgrupper med krav til utdanning og spesialkompetanse. Ein større kommune vil gje betre føresetnader for å påverke faktorar som er viktige for styrking av næringslivet. Kommunestyret føreset at Måløy framleis skal utvikle seg og vere eit sterkt senter.

Felles for alle tre kommunane er utfordringar med at tal eldre personar aukar dramatisk dei neste 20 – 30 åra, og at det blir færre i yrkesaktiv alder. Det blir både for Vågsøy, Selje og Eid vist til nærare omtale i sakene til kommunane frå juni 2016 og ei oppsummering av dette i Fylkesmannens [tilråding](#).

Frå [saksutgreiinga til Eid](#) etter nye forhandlingar, er det peika på at Selje og Eid i dag samarbeider nært om mange kommunale oppgåver. Kommunane har allereie ein felles plattform i kommunereformprosessen gjennom det grundige felles utgreiingsarbeidet som Selje, Vågsøy og Eid gjorde hausten 2014. I saka er det nemnt at Eid og Selje ikkje har felles grenser. KMD har prinsipielt uttalt at det ikkje er ei formell hindring for samanslåing.

I [saksutgreiinga til Selje](#) blir det vist til at store delar av utgreiinga til kommunestyret i juni 2016 kan nyttast ved ei samanslåing med Eid. Vågsøy og Eid er om lag like store, og ein ny kommune vil i langt større grad kunne sikre tenestene til innbyggjarane i Selje, enn det Selje klarer åleine. Rådmannen vurderer at det klart beste alternativet er å slå saman Selje med både Eid og Vågsøy. Det vil gje ein kommune opp under 15 000 innbyggjarar, med allsidig næringsliv og betre kommunale tenester og utviklingskapasitet.

[Vågsøy tok saka](#) om vidare samtaler/forhandlingar om kommunesamanslåing direkte opp i kommunestyret med vedtak utan saksutgreiing frå rådmannen. Vågsøy har saman med Bremanger og Flora gjort likelydande vedtak om eit strategisk samarbeid på kysten. Samarbeidet omhandlar i

første omgang plansamarbeid, samferdsel og næring. Vågsøy og Flora ønskjer å etablere ein ny kommune på kysten, men Bremanger seier nei til dette. Kommunane går derfor i staden i gang med å etablere eit tettare samarbeid. Selje er og inviterte til å vere med.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen tilrådte samanslåing mellom kommunane Vågsøy og Selje i den opphavlege tilrådinga, og viser til omtale og argumentasjonen som framleis er gjeldande. Vi vil no gjere ei felles vurdering av alternativa Eid – Selje – Vågsøy og Selje – Eid.

Fylkesmannen legg til grunn at ein ny og større kommune må vere innanfor dagens eller eit framtidig felles bu- og arbeidsområde. Kommunane Selje, Eid og Vågsøy har fleire samarbeid og eit visst omfang av arbeidspending mellom kommunane. Selje og Vågsøy er i dag eit sterkare felles bu- og arbeidsområde enn Selje og Eid. For Vågsøy og Selje er det i dag mindre grad av pendling til/frå Bremanger og Flora, medan Eid har ein større integrert arbeidsmarknad med kommunane Stryn og Gløppen.

Vurdert etter [målsettingane](#) i kommunereforma og [kriteria](#) for god kommunestruktur:

Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

Kommunane skal gje gode velferdstenester der folk bur, no og i framtida, med gode skular, pleie- og omsorg når vi blir eldre og trygge barnehagar for barna våre. Det handlar også om kva som skal til for å ta vare på dei innbyggjarane som treng det aller mest; barn i barnevernet, rusavhengige, menneske med psykiske helseutfordringar og dei som fell utanfor arbeidslivet. For kommunane Selje, Eid og Vågsøy vil Fylkesmannen peike på:

- Utfordringar med små og sårbare fagmiljø, som rekruttering av spesialkompetanse på enkelte område (rus, psykiatri, barnevern, planlegging). Dette gjeld særleg Selje kommune.
- Ein ny og større kommune får større breidde i fagmiljø og kan dermed lettare rekruttere for tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse, sikre rettstryggleiken til innbyggjarane og ta på seg nye oppgåver.
- Kommunane får i eit 20 til 30-årsperspektiv vesentleg fleire eldre samanlikna med dei som er i yrkesaktiv alder, som betyr færre av dei som skal bidra med ressursar/inntekter og pleie- og omsorg for dei eldre. Særleg vil dette vere utfordrande for ein mindre kommune som Selje, der det er venta at talet på eldre (80+) i befolkninga vil doble seg i eit 20 til 30-årsperspektiv, samtidig som talet for dei som er i yrkesaktiv alder er venta å gå mykje ned. Men dette er også utviklinga og ei utfordring for Vågsøy og Eid, sjølv om noko større kommunar har betre moglegheiter for å møte ei slik utvikling.
- Over tid har kommunane blitt med i fleire interkommunale samarbeid, og dette kan vere arbeids- og tidkrevjande med mindre kontroll og påverknad. For ein ny kommune vil det framleis vere nødvendig med interkommunalt samarbeid med andre kommunar i Nordfjord/Sogn og Fjordane. På sikt bør målsetjinga vere at ein ny kommune tek flest mogleg av oppgåvene sjølv gjennom å redusere omfanget av interkommunale samarbeid. Dette gjeld i større grad for ein ny kommune samansett av både Selje, Eid og Vågsøy.
- Avstandsulemper (reisetid) og mindre lokalkunnskap gjer seg gjeldande når kommunar slår seg saman til ein ny og større kommune. Dette kan ha negativ effekt på tilgjenge til dei kommunale tenestene. Reisetida mellom Måløy og Selje sentrum er om lag 50 minutt (45 km), Nordfjordeid – Selje sentrum 60 min. (63 km) og Måløy – Nordfjordeid 52 min. (54 km) (Kjelde: vegvesen.no). Intensjonsavtalen mellom Selje og Eid har lagt prinsipp for at det skal vere og utviklast desentraliserte tenestetilbod som skular, helse og omsorgstilbod, barnehagar og kulturtilbod.

Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

Kommunereforma handlar om ei betre organisering i område der både innbyggjarar og næringsliv dagleg kryssar fleire kommunegrenser, og der større kommunar vil kunne gje ei meir heilskapleg og god planlegging til det beste for innbyggjarane. For kommunane Selje, Eid og Vågsøy vil Fylkesmannen peike på:

- Pr. 3. kvartal 2016 er det samla 14883 innbyggjarar i dei tre kommunane, fordelt på Selje 2786 , Eid 6062 og Vågsøy 6035. Ei samanslåing av Selje og Eid får 8848 innbyggjarar. For Selje har både folketalet og sysselsetjinga (etter buplass) frå 2008 hatt ei negativ utvikling samanlikna med Sogn og Fjordane og landet. Vågsøy har og hatt negativ folketalsutvikling, medan utviklinga i Eid har vore betre enn fylket, men likevel under landsgjennomsnittet. Folketalsframskrivingar fram mot 2040 viser at Eid skal få ein vekst på gjennomsnittet i fylket, Vågsøy ei svak positiv utvikling lågare enn fylket, medan det er venta nedgang i Selje (Kjelde: SSB). Ein ny og større kommune vil såleis vere mindre sårbar for svingingar i folketalet.
- Statistikk for arbeidspendling viser at av dei som er yrkesaktive i Selje, pendlar 124 til Vågsøy (9,5 % av dei yrkesaktive i Selje) og 39 til Eid (4 %). Frå Eid pendlar 9 (0,4 %) til Selje og 103 til Vågsøy (4,5 %). Frå Vågsøy pendlar 61 til Selje (2,5 %) og 69 (3 %) til Eid.
- Gjennom målsetting å styrke utviklinga på kysten har særleg kommunane Selje og Vågsøy felles interesser for satsingar på infrastruktur og næring, som Stadt skipstunell, 45-minuttsregionen og samarbeid om næringsutvikling. Intensjonsavtalen mellom Selje og Eid inneheld klare målsetjingar om utvikling av kysten og regionale tiltak med Eid som senter. Med ein ny og større kommune vil det ligge meir til rette for å få til ei heilskapleg samfunnsutvikling, både lokalt og regionalt. Auka plan- og utviklingskapasitet er ein viktig føresetnad i denne samanhengen. Dette har vore ei særskild utfordring for Selje.
- Kommunane har eit sterkt næringsliv, der Vågsøy og Selje ligg midt i smørauget for viktige næringer innan det marine, maritime, fornybar energi og reiseliv. Både Vågsøy og Selje har relativ høg sysselsetjing innan industri. Vågsøy har òg eit veksande teknologimiljø. Eid har positiv utvikling innan handel og service, og har fleire arbeidsplassar i offentleg sektor enn Vågsøy og Selje. Det er framleis uløyste samferdslebehov på kysten og i midtre Nordfjord, der det er behov for å knyte bu- og arbeidsmarknader tettare saman. Vi meiner at det er viktig å byggje ein sterkare kystkommune i Ytre Nordfjord, med auka kapasitet til planlegging og utvikling. Eid er delvis integrert i arbeidsmarknaden med Vågsøy og Selje, og vil bidra til auka kapasitet og styrking av kompetanse til utvikling av Ytre Nordfjord. Gjennom å utfylle kvarandre innan samfunns- og næringsutvikling, kan kommunane utvikle eit godt felles funksjonelt område for samfunnsutvikling.

Berekraftig og økonomisk robust kommune

God økonomi er med på å skape handlingsrom for kommunen til både drift og utvikling, gjere kommunen mindre sårbar for svingingar og betre møte uføresette hendingar. Til dette treng kommunane ein viss storleik på økonomien, større kapasitet og meir spesialisert kompetanse. For kommunane Selje, Eid og Vågsøy vil Fylkesmannen peike på:

- Eid og Vågsøy har ein økonomi i balanse, medan Selje har svakare økonomi og vore Robek-kommune dei seinare åra. For Selje er det særleg utviklinga med eit stadig lågare folketal som har ført til reduksjonar i frie inntekter, og blir utviklinga slik framover blir det krevjande å gje likeverdige tenester til innbyggjarane.
- Ein ny kommune får ein større økonomi og blir betre i stand til å møte uføresette hendingar.
- Både Eid og Vågsøy får reduksjonar gjennom nytt inntektssystem (gradert basistilskot). Ved ei samanslåing blir dette kompensert gjennom eit inndelingstilskot som varer i 15 + 5 år. Samanlikna med det inntektssystemet gjev i 2017 så viser berekningar at ei samanslåing av Selje – Eid kjem positivt ut frå 2020 gjennom inndelingstilskotet i 15 år. Ei samanslåing der og

Vågsøy er med, blir gevinsten vesentleg større. Ved eit vedtak om samanslåing, får Eid og Vågsøy også kompensert sine reduksjonar fram til 2019 gjennom ei overgangsordning med nye berekningar i statsbudsjettet for kvart år. I tillegg kjem andre økonomiske verkemiddel som eingongstilskot, reformstøtte og ev. støtte til infrastrukturiltak. Vågsøy – Selje – Eid vil og oppnå regionsentertilskotet frå 2017. Grensa for dette tilskotet er 9000 innbyggjarar, og dermed er Selje – Eid like under denne grensa.

- Ein ny og større kommune har betre moglegheiter til å sikre tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse i planlegging og styring av økonomien.

Styrkt lokaldemokrati

Målet er at vi har kommunar som har godt fungerande demokratiske møteplassar, med god og open debatt og involvering til beste for innbyggjarane og lokalsamfunnet. For kommunane Selje, Eid og Vågsøy vil Fylkesmannen peike på:

- Ein ny og større kommune kan få fleire oppgåver og større handlingsrom, både gjennom sterkare økonomi og meir lokalpolitisk mynde ved mindre statleg styring.
- Kommunestyret får meir reell påverknad med færre interkommunale samarbeid, dette vil vere meir gjeldane for større kommunar.
- Gjennom større geografi får politikarane meir spelerom for heilskapleg utvikling i eit større og meir funksjonelt område for samfunnsutvikling.
- Ein ny og større kommune gjev moglegheiter til større innverknad på regionale og nasjonale saker.
- Ein større kommune gjev betre rettstrykkleik gjennom tilstrekkeleg distanse mellom sakshandsamar, folkevalde og innbyggjarar.
- Ei samanslåing fører til færre folkevalde per innbyggjar, og kontaktflata mellom innbyggjarar og folkevalde kan bli mindre. Det nye kommunestyret må byggje opp ein felles identitet knytt til den nye kommunen, og det blir viktig å vere synleg til stade lokalt og gje moglegheit til påverknad i kommunale prosessar.

Selje og Eid har ikkje felles grenser. Kommunane kan likevel gjere vedtak om at dei ønskjer samanslåing ut frå at ein ny kommune oppfyller målsettingane med reforma og kriteria for god kommunestruktur. Det er kome opp spørsmål om grensejustering frå bygda Bryggja, som ligg i Vågsøy kommune og grensar til Eid. Ei eventuell grensejustering her vil bety ei samanhengande ny kommune mellom Selje og Eid.

Fylkesmannens tilråding

Kommunane peikar på utfordringar med små og sårbare fagmiljø, som rekruttering av spesialkompetanse på enkelte område innan sosial og helse, men også for planlegging og leiarstillingar. Etter Fylkesmannen sine vurderingar gjeld dette særleg Selje. Det er venta at kommunane får ein stor auke i eldre i eit 20 til 30-årsperspektiv, samtidig som talet for dei som er i yrkesaktiv alder kan gå ned. For samfunnsutviklinga er auka plan- og utviklingskapasitet ein føresetnad for å skape betre utvikling. Eid og Vågsøy har ein økonomi i balanse, medan Selje har svakare økonomi og vore Robek-kommune dei seinare åra. For Selje er det særleg utviklinga med eit stadig lågare folketal som har ført til reduksjonar i inntektene. Held denne utviklinga fram, blir det krevjande å gje likeverdige tenester til innbyggjarane. Eid og Vågsøy får reduksjonar gjennom nytt inntektssystem frå 2017, dette kan kompenseras i ein overgangsperiode gjennom ei samanslåing.

Ein ny og større kommune med Selje, Eid og Vågsøy vil gje betre kapasitet, sterkare fagmiljø med utviklingskraft og ein berekraftig økonomi som vil vere betre i stand til å møte uføresette hendingar, som ofte skapar økonomiske utfordringar i mindre kommunar.

Kommunane Eid og Selje har utarbeidd ein intensjonsavtale om samanslåing, som skal handsamast i felles formannskapsmøte 19. januar og i kommunestyra 26. januar. Det betyr at Fylkesmannen ikkje har dei endelege vedtaka til kommunane som eit grunnlag for tilrådinga til KMD. Vågsøy kommune har ikkje godteke premissar som ligg til grunn for samtalaneforhandlingane mellom kommunane Selje og Eid, og har derfor avslått å vere med i forhandlingar om ein ny kommune. Det føreligg derfor ikkje intensjonsavtale der Vågsøy er med, og Vågsøy gjer derfor ikkje noko vidare handsaming om samanslåing med Selje og Eid.

Det er mange argument som talar for at den beste løysinga i kommunereforma for desse tre kommunane, er at dei slår seg saman til ein ny stor kommune. Men Vågsøy er tydelege på at dei ikkje ynskjer denne løysinga, noko som også kjem klart fram i eit brev frå ordføraren 6. januar. Dei prioriterer ein framtidig kystkommune sørover mot Bremanger og Flora. Vågsøy kommune med 6000 innbyggjarar vil kunne stå åleine på kort sikt, sjølv om dei har sine utfordringar. Dei to andre kommunane har invitert med Vågsøy, men det er ikkje ein føresetnad frå dei at Vågsøy må vere med i den nye kommunen. Utgangspunktet for kommunereforma er frivillige gjensidige vedtak i kommunane om samanslåing. Unntak frå dette kan tenkjast der det er ein kommune som stengjer for ei elles fornuftig løysing mellom fleire. Sjølv om vi altså vurderer det slik at det kunne bli ei endå betre og meir langsiktig løysing å slå saman alle tre kommunane, kan vi ikkje sjå at det stengjer for ei fornuftig samanslåing at berre Selje og Eid slår seg saman. Fylkesmannen finn derfor ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å tilrå ei samanslåing av Selje, Vågsøy og Eid frå 2020.

Fylkesmannen står fast ved det faglege grunnlaget og argumentasjonen frå september 2016 om ei samanslåing mellom Vågsøy og Selje. Men Selje har no inngått intensjonsavtale med Eid, og dette alternativet oppfyller også langt på veg målsettingane i kommunereforma. Det var først og fremst omsynet til Selje som låg bak tilrådinga om å slå saman Vågsøy og Selje. Når utgangspunktet for kommunereforma er frivillige gjensidige vedtak, må vi likevel leggje stor vekt på at Selje no har vendt seg mot Eid. Sjølv om ei samanslåing av Selje og Eid betyr større avstandar internt i ein ny kommune samanlikna med samanslåing av Vågsøy og Selje, meiner Fylkesmannen at ein ny kommune mellom Selje og Eid kan bidra til å sikre betre og likeverdige tenester til innbyggjarane. Det vert lettare for den nye kommunen å skaffe tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse, ein meir berekraftig økonomi og eit styrka lokaldemokrati. Gjennom intensjonsavtalen ligg det til rette for å utvikle eit funksjonelt område for ei heilskapleg samfunnsutvikling, både lokalt og regionalt. Vidare bygging og etablering av den nye kommunen må skje på grunnlag av intensjonsavtalen som er inngått mellom kommunane.

Vi tilrår derfor ei samanslåing av kommunane Selje og Eid frå 2020. Alternativt held vi fast på tilrådinga frå september om ei samanslåing mellom Selje og Vågsøy.

Sogndal, Leikanger og Balestrand

Kommunane hadde eit felles formannskapsmøte 07.10.2016 der Fylkesmannen orienterte om bakgrunnen for tilrådinga om samanslåing av dei tre kommunane. Formannskapa drøfta og kom med synspunkt på tilrådinga og vidare samtalar fram mot politisk handsaming i kommunane.

Sogndal kommunestyre gjorde i møte 15.12.2016 [vedtak](#) om at *Sogndal kommune støttar tilrådinga frå Fylkesmannen, og er positiv til at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal vert slått saman til ein kommune frå 01.01.2020. Luster kommune bør slå seg saman med eller bli slått saman med denne kommunen, gjerne frå 01.01.2020.*

Leikanger kommunestyre gjorde i møte 03.11.2016 [vedtak](#) om å halde fram som eigen kommune etter at dei motsette seg tilrådinga frå Fylkesmannen. Kommunestyret var i sitt vedtak kritiske til at Fylkesmannen tilrådde ei løysing som ikkje er føreslege av nokon av dei andre kommunane. Kommunen meiner ikkje at det faglege grunnlaget for den tilrådde kommunesamanslåinga er tilstrekkeleg belyst.

Balestrand kommunestyret gjorde i møte 15.12.2016 [vedtak](#) der dei viser til tilrådinga frå Fylkesmannen om at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal vert slått saman til ein kommune frå 01.01.2020. Kommunestyret i Balestrand støttar ikkje tilrådinga frå Fylkesmannen.

Kommunane Sogndal og Leikanger har eit ønske om at Luster òg skal vere med i ein ny kommune i Sogn. Som omtalt i tilrådinga frå september 2016 er Luster ein del av eit felles- bu og arbeidsområde i Sogn med stor pendling til Sogndal og til dels Leikanger. Kommunen er såleis ein del av eit funksjonelt område for samfunnsutvikling i Sogn. Kommunen er og med i fleire interkommunale samarbeid i Sogn. For regionen ville det vore ein styrke med Luster i ein ny og større kommune for å få tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse til ei sterkare heilskapleg samfunnsutvikling, både lokalt og regionalt.

Fylkesmannens vurdering og tilråding

Vi viser til utgreiinga, vurderinga og tilrådinga frå september 2016 for desse tre kommunane. Fylkesmannen meiner at vurderingane og tilrådinga er bygt på eit fagleg grunnlag etter målsettingar for reforma og kriteria for god kommunestruktur. Dette samsvarar òg i stor grad med saksutgreiingane frå rådmennene. I tilrådinga er det og lagt til grunn at det ligg føre ein intensjonsavtale der Sogndal, Leikanger og Balestrand var med i tillegg til Vik.

Etter målsettingar med reforma er det særleg to område som vi meiner er rett å omtale nærare etter tilrådinga i september 2016. Kommunane får framover vesentleg fleire eldre som skal ha kommunale tenester, og det er no er kome nærare avklaringar om konsekvensar for endringar i inntektssystemet og ytterlegare informasjon om økonomiske verkemiddel for kommunar som slår seg saman.

- Kommunane får i eit 20 – 30 årsperspektiv vesentleg fleire eldre samanlikna med dei i yrkesaktiv alder, det betyr færre av dei som skal bidra til ressursar og pleie- og omsorg for dei eldre. Særleg vil dette vere utfordrande for kommunane Balestrand og Leikanger, der det er venta at talet på eldre i befolkninga nærmast vil doble seg i eit 20 – 30 års perspektiv, samtidig som talet for dei som er i yrkesaktiv alder er venta å gå noko ned. For å illustrere dette nærmare utgjer eldre over 80 år i Balestrand i dag 6,3 % (81 personar) av folketalet, i 2040 er framskrivinga til SSB at denne gruppa utgjer 12,7 % (157 personar) av folketalet. For Leikanger utgjer dei same tala 5 % (112) og 10,4 % (256). I begge kommunane er det forventa at delen av personar i yrkesaktiv alder går noko ned. Ei slik utvikling vil føre til at kommunane må bruke langt meir av sine ressursar til drift, utvikling og investeringar til tenester innanfor pleie- og omsorg. Ein ny og større kommune vil ha betre moglegheiter til å møte denne utviklinga, m.a. gjennom meir fleksible og tilpassa løysingar (velferdsteknologi) i tenestetilbodet til dei eldre.
- Både Leikanger og Sogndal får etter nytt inntektssystem frå 2017 reduksjonar i rammetilskotet. For 2017 utgjer dette for Leikanger ein netto reduksjon på 4,4 mill. kroner og Sogndal 2,6 mill. kroner. Ved ei samanslåing vil kommunane få dette kompensert gjennom ei overgangsordning frå 2017, med nye berekningar i 2018 og 2019. Ved ei samanslåing får den nye kommunen eit inndelingstilskot i 15 + 5 år frå 2020, som kompenserer for netto

reduksjon i basistilskot og regionalpolitiske tilskot. For å illustrere dette er inndelingstilskotet berekna til 38,2 mill. kroner, og er for storleikar som kan bereknast i inntektssystemet 2,5 mill. kroner meir enn reduserte overføringar frå tre til ein ny kommune. Vidare vil ein ny kommune få eit regionsentertilskot, der det til nye kommunar samla er sett av 100 mill. kroner i 2017, og frå 2018 er summen 200 mill. kroner. Tilskot til kvar ny kommune blir kjent etter at nasjonale vedtak om samanslåing er gjort til våren. Nye kommunar kan og søkje om tilskot til infrastrukturtiltak, for 2017 er det samla sett av 150 mill. kroner. Som tidlegare får ein ny kommune samansett av Sogndal, Leikanger og Balestrand eit eingongstilskot på 30 mill. kroner og reformstøtte på 5 mill. kroner.

- Det hender at kommunar får tiltak med større utgifter innan pleie- og omsorg som ikkje er planlagde i budsjettet, t.d. tenester til ressurskrevjande brukarar. For mindre kommunar er dette økonomisk krevjande. Ein ny kommune får ein større økonomi, og blir dermed betre i stand til å møte slike uføresette hendingar.

Med grunnlag i vurderingar og tilrådinga frå september 2016 og nye saker med vedtak i kommunane etter dette, opprettheld Fylkesmannen tilrådinga om samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand. Ut i frå at Luster er ein del av eit funksjonelt område for samfunnsutvikling i Sogn, høyrer kommunen saman i ein ny og større kommune som eit regionalt tyngdepunkt for Sogn.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kjelder:

Saksutgreiingar med vedtak i kommunane
Intensjonsavtalar mellom kommunar
Rapportar til kommunane
Vegen mot ein ny kommune – rettleiar for utgreiing og prosess

Pending i Sogn og Fjordane og til/frå kommunar i Hordaland og Møre og Romsdal:

- Fylkespegelen for Sogn og Fjordane

Interkommunale samarbeid:

- Saksutgreiingar og rapportar til kommunane

Folketal – historiske tal, framskrivingar med alderssamansetting:

- SSB Statistikkbanken
- Ny kommune (KMD)
- Rapport frå Telemarksforsking: Utgreiing av aktuelle kommunestrukturalternativ for Sogn Regionråd

- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane

Syssetjing:

- SSB Statistikkbanken
- Rapport frå Telemarksforsking: Utreiing av aktuelle kommunestrukturalternativ for Sogn Regionråd
- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane

Økonomi:

- Kostra
- Kommuneproposisjonen 2017
- Fylkesspegelen for Sogn og Fjordane

Reiseavstandar km og tid:

- Vegvesenet